



# Ei reise langs kanalen

Presentasjon diplomprosjekt - NTNU 2014

Av Tim Larsen Kvingedal og David Fjågesund

Vegleiarar: Bjørn Otto Braaten og Sami Rintala

BERGEN



OSLO



DALEN



SKIEN



TELEMARKSKANALEN  
LENGDE: 105 km (Skien til Dalen)

OSLO



DALEN

ULEFOSS

SKIEN

BYGGEPERIODE: 1854 - 1892  
LENGDE: 105 km (Skien til Dalen)  
HØGDEFORSKJELL: 72 m  
ANTAL SLUSER: 18  
BANDAKSKANALEN: 83 km (Ulefoss - Dalen)

## Bakgrunn

Då Telemarkskanalen stod ferdig i 1892, vart den i Europa referert til som verdas åttande underverk. Den 105 km lange vassvegen strekkjer seg gjennom fire kommunar, og byr på eit solid spekter av norsk natur. Frå måkeskrik ved Telemarkskysten går turen gjennom tronge sluser og mørke skogar. Segn og soger, industrihistorie og kulturminne dannar bakteppet for reisa som endar ved Dalen Hotel. Dalen er kanalen sin siste stopp, og ligg heile 72 m.o.h. Å segle i oppoverbakke let seg vanskeleg gjera, men gjennom eit imponerande stykkje ingeniørarbeid fordelast høgdeforskjellen på atten sluser oppover kanalen. Slusa ved Vrangfoss er den største av dei, med ei lyftehøgde på 23 meter. I ein artikkel i Teknisk Ugeblad frå 1892 vert Vrangfoss sluse skildra som "det kunstverk, der for alle tider vil stå som et vidnesbyrd om den dygdighet der besjæler denne tids ingeniører i vort land og altid vil være det blandt anlæggets seks underværker der vil udøve størst tiltrækningskraft på den reisende og aldrig gå ham afminde"<sup>1</sup>



Bygginga av Vrangfoss Sluse 1880<sup>2</sup>


## Intensjon

Då kanalen vart bygd for over 120 år sidan hadde prosjektet ein heilskapleg tilnærming. Med tida har ein slik tankegang gradvis vorte erstatta av kvar enkelt kanalbygd sitt ynskje om å styrke sin eigen identitet. Samarbeid på tvers av kommunegrensene har, til tider, vore vanskeleg å få til. Slik vi ser det, kan kanalen utviklast i to alternative retningar. Ei løysing er å halde fram med stadutvikling i kvar enkelt bygd. Denne løysinga søker å gjere bygdene meir attraktive, auke tilflyttinga og hindre fråflyttinga. Ei anna tilnærming er å fokusere på potensialet som ligg i å tenkje heilskapleg rundt kanalen, slik ein gjorde då kanalen vart bygd. Vi meiner kanalbygdene sin største ressurs er nettopp deira nære tilknytning til kanalen, og at eit tydlegare fokus på dette vil gagne alle.

Storparten av kanalen utfoldar seg i mellomromma, strekkjene mellom bygdesentruma langs kanalen. Ved å vidareutvikle kvalitetane som ligg her, trur vi at koplinga mellom kanalbygdene kan styrkast. Telemarkskanalen vert slik ein raud tråd som bind fylket saman.

Frå gammalt av var kanalen delt inn i såkalla roskift, 15 kilometerlange dagsetappar. Vi ynskjer å bygge vidare på denne tradisjonen, som delar opp Bandakskanalen i seks strekkjer. Kvar strekkje ber i seg ulike kvalitetar som skal danne grunnlaget for den arkitektoniske tilnærminga vår til prosjektet. Døme på slike kvalitetar er segn og soger, industrihistorie og særskilde landskapstrekk.

Gjennom vårt diplomarbeid ynskjer vi å utforske samspelet mellom fysisk arkitektur og dei immaterielle verdiane som oppstår i møte mellom folk og natur.



TEIKNFORKLARING:

⊙ PROSJEKT

▣ KANALBYGD



# Metode

Vårt overordna tema for prosjektet er oppdagingsreise. Gjennom strategiske arkitektoniske inngrep ynskjer vi å etablere ei merksemd rundt dei materielle- og immaterielle kvalitetane kanallandskapet ber i seg. Vi ynskjer å skape ein infrastruktur for oppdaging.

Investeringane som måtte til for å realisere kanalen var enorme, og kan samanliknast med dei statlege investeringane i oljeindustrien på 70-talet. Storleiken på prosjektet gjorde at kanalbygginga gjekk inn som ein del av ei industriell nasjonsbygging på slutten av 1800-talet. Norske kunstnarar og forfatterar tok også del i nasjonsbygginga, rett nok med eit noko annleis fokus. Der industrien stod for effektivitet, rasjonalitet og teknologi, stod kunsten for dyrkinga av det særnorske landskapet, forteljartradisjon og mystikk. Som ei motvekt til Telemarkskanalen sin industrielle karakter har vi latt oss inspirere av måten Theodor Kittelsen arbeidde med samspelet mellom materielle- og immaterielle kvalitetar i det norske landskapet på slutten av 1800-talet. Reint konkret har vi vald ut seks Kittelsen bilete. Bileta representerer stemninga til dei individuelle tomtene, og er slik sett med på å danne eit abstrakt utgangspunkt for kvart prosjekt.

Kanalen er lang, og moglegheitene er mange. I håp om å strukturere prosjektprosessen etablerte vi tidleg eit sett med felles retningslinjer for dei seks prosjekta. Desse retningslinjene tok form som eit diagram med parameter vi ynskte skulle ligge til grunn for arbeidet vårt med kvart prosjekt. Retningslinjene skal ikkje sjåast på som ei tvangstrøye, men snarare ein metode for å komme raskt i gang med prosjekteringsprosessen.


Med mål om å hente ut essensen av Kittelsenbilete, det omkringliggjande landskapet sin karakter, samt diagrammet med retningslinjer, har kvart prosjekt vorte oppsummert i ei karikaturskisse. Denne skissa er den viktigaste teikninga for kvart prosjekt.



MATERIELL NASJONSBYGGING

IMMATERIELL NASJONSBYGGING


# Døme på metode:



1. PROSJEKTSTEMNING

FYSISK LANDSKAP	MENTALT LANDSKAP	UTTRYKK	FUNKSJONALITET	TIDS-PERSPEKTIV
LANDSKAPS-ROM	TEMA	MATERIALITET	SERVICE-FUNKSJONAR	100-ÅRS PERSPEKTIV
FJELLVEGGEN, KANALEN, SKRÅNINGEN	SEGN	TRE, BETONG, STEIN	OVERNATTING, BRYGGE, TOALETT, ELDSTAD	RUIN OG NED-BRYTBART MATERIALE
TOMTE-KARAKTER	ENKEL/ KOMPLEKS	KON-STRUKSJON	PROGRAM	BYGGE-FASER
SKRÅNANDE FURUSKOG	5 / 6	LETT OPPE, TUNGT NEDE	OVERNATTING, RASTEPLASS	4 / 6
NATUR	METAFOR	FRAKT MATERIALER	ANTAL BRUKARAR	VEDLIKE-HALD
MOSEBOTN, HOGE FURUTRE, LANGGRUNT	SKIKKELSAR	TILGJENGELEG ALL TRANSPORT	8	5 / 6

2. RETNINGSLINJER



3. PROSJEKTKARIKATUR

# PROSJEKT 1 - SANDGRUVA

DALEN

SANDGRUVA

ULEFOSS





## “Historiar om stein”

Søraust for Lårdal ligg ei nedlagt sandgruve. I dag står berre delar av anlegget frå 1953 att. Gruva var i full drift fram til slutten av 1980-åra, men i dag er det stille her. Plassen har allereie vorte ein ruin langs kanalen.

Inspirert av Kittelsen sitt måleri “Farvel da mor”, ynskjer vi, gjennom arkitektur, å fortelje ei historie om eit tilbakelagd og gløymd kapittel i kanalen si industrihistorie. Den karakteristiske steinsiloen, som vart sprengd bort i 1993, reisast på ny. Ikkje som ein kopi, men som ei tolking av det som var. Betongbygget som husa steinknusaren tek vi i bruk til overnatting. Her kan ein sitte rundt bålet og skode utover vatnet, det same vatnet vikingane rodde brynestein på for over tusen år sidan.



PROSJEKTSTEMNING


FYSISK LANDSKAP	MENTALT LANDSKAP	UTTRYKK	FUNKSJONALITET	TIDS-PERSPETIV
LANDSKAPS-ROM ▼	TEMA ▼	MATERIALITET ▼	SERVICE-FUNKSJONAR ▼	100-ÅRS PERSPEKTIV ▼
BRATTE FJELL-SIDER NED I BANDAK	HISTORIER OM STEIN	STÅL, STEIN	ELDSTAD, BRYGGE	STEINKNUSAR-RUIN
TOMTE-KARAKTER ▼	ENKEL/KOMPLEKS ▼	KON-STRUKSJON ▼	PROGRAM ▼	BYGGE-FASER ▼
STEINRØYS, DJUV, EKSISTERANDE BYGG	2 / 6	TRANSFOR-MASJON	RASTEPLASS, UDEFINERT	1 / 6
NATUR ▼	METAFOR ▼	FRAKT MATERIALER ▼	ANTAL BRUKARAR ▼	VEDLIKE-HALD ▼
STEIN, GRUS, MOSE, LAUVTRE	TIMEGLAS	KUN TILGJENGE-LEG MED BÅT	2 - 4	2 / 6


RETNINGSLINJER



KARIKATUR AV LANDSKAP








SANDGRUVA

STEINKNUSAREN

SLOEN





SANDGRUVA

SOVEBOKS

GRUSLAGT GOLV

BRYGGE M/  
FORTAUGNING

KJETTING  
VASSAVRENNING

GABIONSVEGG  
200 mm

DETALJSNITT DD'


AVSTIVNING 50x50 mm

IPE 180 mm

HUP 150x150x12,5 mm

GYSA STOLPE  
1400mm

LENGDESNITT BB'  
MÅLESTOKK 1:100 A3



OVERNATTING  
TO PERSONAR


ELDSTAD


PERFORERT STÅLTRAPP  
OPP TIL SILOEN

BÅTBRYGGE  
PERFORERT STÅLPLATE


PUKK FRÅ SANDGRUVA








Opp i gabionsrommet



Inne i Steinkusaren






DETALJ GABIONSVEGG  
MÅLESTOKK 1:10 A4

## Prosess


Proessen på Sandgruva kan delast i to; før og etter siloen, eller tårnet, kom til. Programmet i Steinknusaren har vore relativt uendra, medan funksjonen til siloen har endra seg fleire gonger. Det har også vore fleire forslag på tilkomsten til siloen, både under og over vassflata.

\* Sjå prosesshefte på minnepenn for utfyllande prosessdokumentasjon.


# UTVALDE SKISSER:



14.01.14





05.02.14



28.03.14

MODELLFOTO :



## PROSJEKT 2 : STRAUMAN

DALEN

STRAUMAN

ULEFOSS






Første bilde fra tomta

## “Skikkelsar i trea”

Ved Struman, sør for Kviteseid, er kanalen trong og smal. På nordsida ruvar ein 300 meter høg fjellvegg, medan på sørsida skrår den tette furuskogen slakt ned mot kanalen. Landskapet rundt Strauman er rikt på segn og soger. Her dukkar det opp tussar og troll, sjøormar og mannslagarar.

Kittelsen, og måten han arbeider med samspelet mellom landskapet sine materielle og immaterielle verdiar dannar bakteppet for prosjektet vårt ved Strauman. Frå den enkle steinbrygga nede ved kanalen går ei trapp som forsvinn inn i den mørke skogen. Let ein seg lokke opp trappa og inn i sogelandskapet vert ein møtt av svevande arkitektoniske skikkelsar oppe i trea. Her kan ein søkje ly for natta. Kanskje endar ein opp i soveboksen som peikar i retning av segnet om “Trollet i Stryfjell”.







PROSJEKTSTEMNING

FYSISK LANDSKAP	MENTALT LANDSKAP	UTTRYKK	FUNKSJONALITET	TIDS-PERSPETIV
LANDSKAP-ROM ▼	TEMA ▼	MATERIALITET ▼	SERVICE-FUNKSJONAR ▼	100-ÅRS PERSPEKTIV ▼
FJELLVEGGEN, KANALEN, SKRÅNINGEN	SEGN	TRE, BETONG, STEIN	OVERNATTING, BRYGGE, TOALETT, ELDSTAD	RUIN OG NED-BRYTBART MATERIALE
TOMTE-KARAKTER ▼	ENKEL/ KOMPLEKS ▼	KON-STRUKSJON ▼	PROGRAM ▼	BYGGE-FASER ▼
SKRÅNANDE FURUSKOG	5 / 6	LETT OPPE, TUNGT NEDE	OVERNATTING, RASTEPLASS	4 / 6
NATUR ▼	METAFOR ▼	FRAKT MATERIALER ▼	ANTAL BRUKARAR ▼	VEDLIKE-HALD ▼
MOSEBOTN, HOGE FURUTRE, LANGGRUNT	SKIKKELSAR	TILGJENGELEG ALL TRANSPORT	8	5 / 6

RETNINGSLINJER



KARIKATUR AV LANDSKAP



SOVEBOKS

BRYGGE

BÅLPLASS

UTEDO

SVEVEBRU







BRYGGE


ELDSTAD

SOVEBOKS







ORMFARBERGET



ASCARDSREIA




TROLLET I STRYFJELL



BALPLASS

BETONGDEKKE




GRES

STEIN

BRUGGE



GULLØY



UTEDO

HENGEBRO





SOVEBOKS

ELDSTAD  
BETONG

BETONGTRAPP

MURA NATURSTEINSBRYGGE  
M/GRASRENNER PÅ TOPPEN



PERFORERTE  
STÅLPLATER


HENGEBRO MED  
TREDEKKE

METALLKLEMME-  
DETALJ

A


A'





Inne i soveboksen





3 GRADER  
HELNINGSVINKEL

TAKPAPP

WIRE

SENGELIST  
LANGS VEGG

TAUG

TREBORD



STOLPESKO  
FESTET TIL  
METALLKLEMME

FURU 2"6"

TAKPAPP ETTLAGS-SVEISEBELEGG


15mm KRYSSFINÉR

17,5mm PLANK

2 x METALLKLEMME  
FOR Å MULIGGJØRE  
JUSTERING VED VEKST

METALLBESLAG

15mm VANNFAST SPONPLATE




PRINSIPP HENGE BRU UT TIL SOVEBOKS

## Prosess


Strauman har vore det mest tidkrevjande prosjektet. Tanken om høgtsvevande soveboksar har vore med frå starten, men tilkomsten og samlingspunktet har vore vanskeleg å lande. Etter mange, meir komplekse variantar, enda vi opp med ei enklare løysing; ei steinbrygge og ei trapp.

\* Sjå prosesshefte på minnepenn for utfyllande prosessdokumentasjon.


UTVALDE SKISSER :



03.03.14





26.02.14



05.04.14

MODELLFOTO :







## PROSJEKT 3 - FJÅGESUND

DALEN

FJÅGESUND

ULEFOSS





## “Vegvisaren”

Kanalen slyngar seg i lange slake svingar forbi den vesle bygda Fjågesund. Opp frå det flate jordbrukslandskapet stig det loddrette fjellet Ånås. Der oppe frå kan ein sjå langt nedover kanalen.


Ved Fjågesund ynskjer vi å legge til rette for ei vandring til fots frå kanalen og opp til toppen av Ånås. Turen er om lag 3 km, og har ei stigning på rundt 380 høgdemeter. Frå steinbrygga nede ved kanalen trekker eit taug deg inn i skogen og viser deg veg. Tauget går ikkje samanhengande opp til toppen, det fungerer meir som hint, som ein slags hjelpar i skogen. På vegen tek tauget ulik form. Nokre plassar dannar det ein vegg, andre plassar eit tak. Av og til strekker eit enkelt taug seg frå tre til tre for å vise veg.




PROSJEKTSTEMNING

FYSISK LANDSKAP	MENTALT LANDSKAP	UTTRYKK	FUNKSJONALITET	TIDS-PERSPETIV
LANDSKAPS- ROM ▼	TEMA ▼	MATERIALITET ▼	SERVICE- FUNKSJONAR ▼	100-ÅRS PERSPEKTIV ▼
ÅNÅS OG KANALEN	VANDRING	TRE, TAUG	BRYGGE, BIL- OG SYKKEL P, SERVICEBYGG	NEDBRYTBART MATERIALE
TOMTE- KARAKTER ▼	ENKEL/ KOMPLEKS ▼	KON- STRUKSJON ▼	PROGRAM ▼	BYGGE- FASER ▼
SKRÅNANDE FJELL OG SKOG	2 / 6	LAFT, KNUTAR	TURSTI	2 / 6
NATUR ▼	METAFOR ▼	FRAKT MATERIALER ▼	ANTAL BRUKARAR ▼	VEDLIKE- HALD ▼
KANAL - MJUK SKOG - HARDT FJELL	VEGVISAR	DELVIS UTILGJENGELEG MED BIL	-	3 / 6

RETNINGSLINJER



KARIKATUR AV LANDSKAP



BRYGGE

VEGVISAR/  
TAUG

TOALETT

SYKKELP





TUREN VIDARE

FJÅGESUNDVEGEN



PARKERING / WC


TAUGVEGVISAR

STEINBRYGGE









SYKKELPARKERING

TOALETT

SERVICE

TØMMERVEGG

BETONGELEMENT

← FJÅGESUNDVEGEN →








TAUGFESTE I  
FURU, LINOLJE

SKRUEFESTE

METALLKLEMME

HAMPETAU 4-SLÅTT Ø15mm

DETLAJ TAUGFESTE  
MÅLESTOKK 1:5 A4



TAUGPRINSIPP



Taugvegg



"Hjelpar i skogen"



Taugtak




Frå toppen av Ånås <sup>11</sup>

## Prosess


Metaforen "vegvisar", samt tanken om ei vandring opp på Ånås kom til på starten. Utfordringa har vore korleis denne vegvisaren skulle uttrykkest arkitektonisk. Skisse nummer 3 på neste side viser vegvisaren i form av små tømmerlykter, medan den siste skissa viser vegvisaren i si endelege form; hampetaug frå tre til tre.

\* Sjå prosesshefte på minnepenn for utfyllande prosessdokumentasjon.


UTVALDE SKISSER :



08.01.14



16.03.14




16.03.14





10.04.14

MODELLFOTO :







## PROSJEKT 4 - KVASSODDEN

DALEN

KVASSODDEN

ULEFOSS





## “Vatn møter land”

Ved Kvassodden smyg mjuke svaberg ned i Flåvatn. Vatn møter land, og ytst på odden har ein panoramautsyn oppover og nedover kanalen. I likskap med Strauman, er landskapet rundt Kvassodden rikt på segn og soger. Mange av desse forteljningane er knytt til vatn på ulikt vis.


I Kvassoddenprosjektet ynskjer vi å legge til rette for ei litt anna type oppleving av vatnet i kanalen. Litt vest for tuppen av odden går det ei bru ut på vatnet. Brua fører deg ut til ein sponkledd skikkelse, ein sauna. Det ryk frå pipa, og når ein går inn i det varme rommet ser ein att golvet i saunaen trappar seg ned i det mørke vatnet. Gjennom ei opning nedst på veggen kan ein symje ut på det store vatnet utanfor.




PROSJEKSTEMNING

FYSISK LANDSKAP	MENTALT LANDSKAP	UTTRYKK	FUNKSJONALITET	TIDS-PERSPETIV
LANDSKAPS- ROM ▼	TEMA ▼	MATERIALITET ▼	SERVICE- FUNKSJONAR ▼	100-ÅRS PERSPEKTIV ▼
FJORD- PANORAMA, TETT BARKOG	MOTET MELLOM VATN OG LAND	TRE, BETONG	OVERNATTING, SAUNA, ELDSTAD, BADING, TOALETT, PARKERING	BÅLSIRKEL STÅR ATT, ALT ANNA BRYTAST NED
TOMTE- KARAKTER ▼	ENKEL/ KOMPLEKS ▼	KON- STRUKSJON ▼	PROGRAM ▼	BYGGE- FASER ▼
SKOG MØTER SVABERG - MØTER FJORDEN	4 / 6	SPON, BINDINGSVERK	SAUNA, OVERNATTING	5 / 6
NATUR ▼	METAFOR ▼	FRAKT MATERIALER ▼	ANTAL SOVEPLASSAR ▼	VEDLIKE- HALD ▼
LYNG OG MOSE, BARNÅLPEPE, MJUKE SVABERG	NØKKEN	TILGJENGELEG MED BIL	6	4 / 6

RETNINGSLINJER



KARIKATUR AV LANDSKAP



OSTENVEGEN 106

PARKERING

UTEDO


SAUNA

BRYGGE

GAPAHUK

SVABERG





PARKERING

UTE DO


"GAPAHUKFLOKK"

SAUNA

KVASSODDEN







STÅLRØRSPICE



VANNFAST PLATE  
M/TAKPAPP

KRYSSFINÉR

SPON

KJERNEVED AV EIK

STOLEPSKO







VANNFEST SPONPLATE

SPON

MASSIVTRE

PLASSTØPT  
BETONG PÅ  
SVABERG

MASSIVTRE

SPILEKLEDNING



PARKERING

DETALJ GAPAHUK

NEDSENKA  
SITTEPLASS

BÅLPLASS


BRYGGA

SAUNA



PLAN GAPAHUK  
MÅLESTOKK 1:50 A4








## Prosess


Overnatting og sauna har vore utgangspunktet for dette prosjektet frå starten. Mykje av prosessen handla om utforminga av gapahukane. Kledningsmaterial og konstruksjonsprinsipp har også skifta mykje undervegs. Eit viktig steg var etableringa av "flokken" av gapahukar, samt flyttinga av saunaen ut på vatnet.

\* Sjå prosessmappe på minnepenn for utfyllande prosessdokumentasjon.


UTVALDE SKISSER :



12.01.14






26.02.14




28.03.14

MODELLFOTO :



## PROSJEKT 5 - HOLMAN

DALEN



HOLMAN


ULEFOSS



## “På leiting”

Ute på Flåvatn ligg tre små holmar. Den eine er litt større enn dei to andre, og det er her vi har lagt prosjektet vårt. Sørvest for holmane står ein bratt fjellvegg. Har ein augo med seg, kan ein skimte ei opning i veggen, heilt nede i vasskorpa. Dette er inngangen til Hundehola. Hola har namnet sitt etter segnet om ein hund som vart borte her. Det same segnet fortel vidare at hunden dukka opp att i Tørdal, ei lita grend på andre sida av fjellet.

Ved hjelp av arkitektoniske verkemiddel etablerer vi ein link mellom holmen og hola. Linken er ikkje openberr, den er eit hint, starten på ei gåte som reisande langs kanalen kan løyse på eigenhand.




"Andersnatten", Theodor Kittelsen<sup>12</sup>

PROSJEKTSTEMNING



FYSISK LANDSKAP	MENTALT LANDSKAP	UTTRYKK	FUNKSJONALITET	TIDS-PERSPETIV
LANDSKAPS-ROM	TEMA	MATERIALITET	SERVICE-FUNKSJONAR	100-ÅRS PERSPEKTIV
▼	▼	▼	▼	▼
OYGRUPPE PÅ OPENT VATN	PÅ LEITING	TRE, BETONG	ELDSTAD, SOVEPLASS	TUNG ELDSTAD, NEDBRYTBAR SOVEPLASS
TOMTE-KARAKTER	ENKEL/ KOMPLEKS	KON-STRUKSJON	PROGRAM	BYGGE-FASER
▼	▼	▼	▼	▼
SMÅ FLATER PÅ ULIKE NIVÅ	1 / 6	RAMMER	UTSIKTSPUNT	3 / 6
NATUR	METAFOR	FRAKT MATERIALER	ANTAL SOVEPLASSAR	VEDLIKE-HALD
▼	▼	▼	▼	▼
SVABERG, LYNG, MOSEFLATER, FURUTRE	GÅTE	KUN BÅT	2	1 / 6

RETNINGSLINJER



KARIKATUR AV LANDSKAP











FUNDFOA

BÅLPASS

HOLMAN

GAPAHUK










SOVEBOKS

NATURSTEIN

BETONGRAMME



SVABERG

BETONGRAMME

ELDSTAD

MOSE / LYNG

SOVEBOKS

BRENT/FORKULLA  
TREKLEDNING

220mm ARMERT PLASSTØPT BETONG


15mm STØPERILLER

NATURSTEIN

LYNG

DRENERING VANN, 150mm





VANNFAST SPONPLATE

TAKPAPP

BEHANDLET MED LINOLJE

BRENT/FORKULLET FURUKLEDNING

SKJULT TAKRENNE

2x 2"6"

STOLPESKO FORANKRET I SVABERG

LYNG





Ramme og gapahuk



Utsyn mot hola



Hundehola



Hundehola

## Prosess


Ramma, og linken over til Hundehola kom tidleg i prosessen. Eit viktig steg i prosessen var då vi bestemte oss for å trekke ramma og soveboksen frå kvarandre. Vi følte dette gav prosjektet større spenning. Tanken om ei forkola kledning på soveboksen var også viktig for boksen sin karakter.

\* Sjå prosesshefte på minnepenn for utfyllande prosessdokumentasjon.


UTVALDE SKISSER :



09.01.14





09.01.14



15.02.14

MODELLFOTO :



## PROSJEKT 6 - HOGGA SLUSE

DALEN



HOGGA  
SLUSE

ULEFOSS



## “Møtet ved slusa”

Avhengig av retninga ein reiser er Hogga sluse den fyrste eller siste slusa i kanalen. Anlegget vart bygd på slutten av 1800-talet, med presist mura naturstein og to slusekammer som lyfter båtane sju meter opp eller ned. I motsetnad til det dramatisk fjellandskapet innover Vestvatna, er området rundt Hogga flatt og opent.

Vi ynskjer å tilpasse oss dagens situasjon på Hogga ved å ta i bruk eksisterande bygg, nærare bestemt den gamle saga og smia. Desse bygga fungerte tidlegare som støttefunksjonar for slusa, men i dag står dei ubrukte. Gjennom eit mindre transformasjonsprosjekt ynskjer vi å re-etablere Hogga som ein møteplass for reisande langs kanalen. Her kan folk i båt, bil, sykkel eller til fots finne saman.







PROSJEKSTEMNING

FYSISK LANDSKAP	MENTALT LANDSKAP	UTTRYKK	FUNKSJONALITET	TIDS-PERSPETIV
LANDSKAPSRUM	TEMA	MATERIALITET	SERVICE-FUNKSJONAR	100-ÅRS PERSPEKTIV
SLETTER OG ÅSAR	MØTET VED SLUSA	BETONG, TRANSPARENT PLATER	OVERNATTING, VASKEROM, KJØKKEN	'RUIN' SOM DEL AV SLUSEANLEGG
TOMTE-KARAKTER	ENKEL/ KOMPLEKS	KON-STRUKSJON	PROGRAM	BYGGE-FASER
SLUSEANLEGG	6/6	TRANS-FORMASJON	OVERNATTING, MØTEPlass	6/6
NATUR	METAFOR	FRAKT MATERIALER	ANTAL SOVEPLASSAR	VEDLIKE-HALD
GRASSLETTE, GAMLE BJØRKETRE	SLUSEVOKTAR	TILGJENGELEG ALL TRANSPORT	14 + TELT/BUBIL	6/6

RETNINGSLINJER



KARIKATUR AV LANDSKAP



BOBILPARKERING

PARKERING

SERVICE  
DUSJ / WC

SAGA  
OVERNATNING

SMIA  
KJØKKEN  
ELDSTAD


TELTPASS

BÅTKANAL

KRAFTVERKKANAL

SLUSA





SERVICE





SAGA

BÅTKANAL

KRAFTVERKKANAL

















DETALJ HENGSENG SAGA  
 MÅLESTOKK 1:2 A4




DETALJ VEGG/TAK SAGA  
 MÅLESTOKK 1:5 A4

## Prosess


Vi starta prosessen i heilt motsett ende av der vi enda opp. I starten hadde vi fleire forslag på eit stort, toetasjes bygg som skulle romme ei rekkje funksjonar (skisse 1 og 2 neste side). På eit tidspunkt gjekk det opp for oss at dette vart heilt feil i konteksten. Vi fokuserte då på den ubrukte smia og saga, og tok dei i bruk.

\* Sjå prosesshefte på minnepenn for utfyllande prosessdokumentasjon.


UTVALDE SKISSER :



12.01.14






12.01.14



17.03.14

MODELLFOTO :



## Kjelder

1. [http://www.telemark-fk.no/Vaare-tjenester/Kulturminner/Maanedens-kulturminne/Vrangfossdammen#.U0kGxOZ\\_tH8](http://www.telemark-fk.no/Vaare-tjenester/Kulturminner/Maanedens-kulturminne/Vrangfossdammen#.U0kGxOZ_tH8)

B I L D E :

2. [http://www.telemark-fk.no/var/ezflow\\_site/storage/images/media/images/kulturminner/aktuelt/vrangfoss-sluse-under-bygging/89608-1-nor-NO/Vrangfoss-sluse-under-bygging\\_fullskjerm.jpg](http://www.telemark-fk.no/var/ezflow_site/storage/images/media/images/kulturminner/aktuelt/vrangfoss-sluse-under-bygging/89608-1-nor-NO/Vrangfoss-sluse-under-bygging_fullskjerm.jpg)

3. <http://bolloppoll.files.wordpress.com/2009/01/skotfoss.jpg>

4. Foto: Elektrisitetsdirektoratet

5. <http://www.skiensvassdraget.no/old/notodden/img/>

6. [http://uploads3.wikipaintings.org/images/theodor-severin-kittelsen/farvel-da-mor\(2\).jpg](http://uploads3.wikipaintings.org/images/theodor-severin-kittelsen/farvel-da-mor(2).jpg), <https://www.google.com/blank.html>

7. <http://www.angelfire.com/un/theodorkittelsen/Theodorkittelsen/nokken.jpg>, <https://www.google.com/blank.html>

8. <http://uploads8.wikipaintings.org/images/theodor-severin-kittelsen/tussebryllup.jpg>,

9. Foto: Sverre Bakke

10. [http://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/6/6e/Theodor\\_Kittelsen\\_-\\_Det\\_rusler\\_og\\_tusler\\_rasler\\_og\\_tasler,\\_1900\\_\(Creepy,\\_Crawly,\\_Rustling,\\_Bustling\).jpg](http://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/6/6e/Theodor_Kittelsen_-_Det_rusler_og_tusler_rasler_og_tasler,_1900_(Creepy,_Crawly,_Rustling,_Bustling).jpg)

11. Foto: Stein Fjågesund

12. <http://kittelsen.efenstor.net/displayimage.php?pid=222>

13. <http://uploads4.wikipaintings.org/images/theodor-severin-kittelsen/peer-gynt-10-1890.jpg>

## Kontakt

David Fjågesund:

epost: [davidfjagesund@gmail.com](mailto:davidfjagesund@gmail.com)

mob: +47 47 6403 60

Tim Larsen Kvingedal:

epost: [timlarsenkvingedal@gmail.com](mailto:timlarsenkvingedal@gmail.com)

mob: +47 98 07 41 55